



Fornøgd fiskar med god grunn.

Torsdag kveld opplevde Jone Rørheim Kjærland(21 år) ein sportsfiskardraum då han fiska i Uskedalselva. Etter å ha gått litt rundt omkring i elva og fiska ulike plassar, beit ein storlaks på i Gravehølen. Det vart ein fæla jobb, seier Jone som er svært fornøgd sidan han fekk fisken på land etter ein hard kamp som varte mellom ein halv time og tre kvarter. Då han vog fisken, stoppa vekta på heile 13,6 kg. Gledelig var det at den store fisken var ein villfisk, ein hanlaks. Fisken vart teken på mark.



Her kan de sjå laksen i si fulle lengde.

Jone Rørheim Kjærland er ein driven elvefiskar trass i sin unge alder. Han har vore ivrig fiskar i elva sidan han var liten gut. Han har også fått store fiskar før. Dei to største var begge 9 kg. I år har han tidlegare fått ein fin laks på 3,4 kg. Lars Jostein Almås frå Stord har tidlegare i år fått ein laks på 8,2 kg. Den var størst fram til i går kveld. Dette er den største fisken som har vorte teken i Uskedalselva på mange år, i alle fall når det er snakk om villfisk må vi svært langt tilbake. Kjelder kjenner til at det vart teke ein større villfisk på Fjellandsbø for mange år sidan. Den største fisken som har vorte registrert dei siste 6 åra er ein laks på 11 kg som Ole Martin Gilbu fekk i Djupehølen i fjor. Åra før det har dei største fiskane hatt følgjande vektorer:

2015: 7,4 kg

2014: 8,3 kg

2013: 9,7 kg

2012: 10,2 kg

Vi gratulerer den ivrige fiskaren med den flotte fangsten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland Foto:

Privat.